

Skjema for tilsynsperson ved fag- /sveine-/kompetanse- og praksisbrevprøva

Det skal vere tilsyn med kandidaten under heile prøven. Det er nemnda som har ansvar for dette. Tilsynet kan utførast av fleire tilsynspersonar i løpet av prøveperioden.

Alle hjelpemiddel er tillatne under prøvegjennomføringa. Til dømes er det tillate å samarbeide med kollegaer, nytte pc, nytte notat, lærebøker og manualar. Oppgåver ein elles vil vere to eller fleire for å løyse, skal normalt løysast av to eller fleire også i prøvegjennomføring. For meir informasjon sjå vlfk.no/provenemd om juks.

Prøva skal gjennomførast på normal arbeidstid over tal dagar bestemt av prøvenemnda.

Prøva skal gjennomførast i tråd med prøvestaden sine interne rutinar og regelverk.

Tilsynspersonen skal i prøvenemnda sitt fråvær:

- Sjå til at kandidaten får ro til å gjennomføre prøven
- Informere prøvenemnda om avvik
- Ivareta naudsynt tryggleik
- Vere kandidaten og prøvenemnda sin kontaktperson ved behov

Både tilsynsperson og kandidat kan kontakte prøvenemnda dersom det dukkar opp administrative spørsmål undervegs.

Tilsynspersonen skal ikkje delta i vurdering av kandidaten sitt arbeid eller gje uttrykk for si vurdering av kvaliteten på kandidaten sitt arbeid.

Regelverk

Prøva skal starte med eit møte mellom kandidaten og heile prøvenemnda. I møtet skal prøvenemnda levere oppgåva til kandidaten og sørge for at kandidaten har forstått oppgåva. Møtet skal normalt haldast på prøvestaden, men kan gjennomførast digitalt dersom prøvenemnda i samråd med fylkeskommunen og kandidaten finn at det er forsvarleg. Prøvenemnda skal vurdere arbeidet til kandidaten undervegs. Heile prøvenemnda skal vere på prøvestaden ved prøveslutt. Prøvenemnda og kandidaten skal ved behov ha ein oppsummerande samtale til slutt for å avklare spørsmål som har oppstått under prøva. Både kandidaten og prøvenemnda kan be om ein slik samtale. Samtalen skal dreie seg om den gjennomførte oppgåva.

Prøvenemnda skal føre protokoll over gjennomføringa av prøva undervegs. Fylkeskommunen skal sørge for tilsyn med at heile prøva blir halden i tråd med reglane.

[Opplæringsforskrifta § 9-61](#)

Erklæring frå lokal tilsynsperson

Eg bekreftar at eg tek på meg oppgåva som tilsynsperson under prøven til:

(kandidaten sitt namn)

Fag- /sveine-/kompetanse- og praksisbrevprøva vert gjennomført i

(bedrifta/prøvestaden namn)

i perioden _____

Eg er kjend med at opplysningar om prøvegjennomføringa er underlagt **teieplikt**.

Teieplikta gjeld og etter at prøven er avslutta.

_____, den _____

(stad) (dato)

(tilsynspersonen si underskrift)